

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Opland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Vestre Slidre
 Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag: Øyebygden i Røn.
 Oppskr. av: G. Kirkevoll Gard: Kirkevoll.
 (adresse): Jomfrubraatvn. 25 Bekkelagshøgda. G.nr. 66 Br.nr. 67

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle og etter far og mor.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Eg er født 25/8 1895, Kirkevoll, Røn, Valdres. Gartner.

SVAR

1. Hardingfele. Den har vore kjent i lange tider - mest under namnet "fele". Dei eldste formene var kalla Trondefele og var mykje mindre enn felone no og var *meir* kuvne i lok og botn.
2. Veit ikkje kva tid den kom ibruk eller kvar den kom fraa. Den gjekk mykje av bruk ~~KOK~~ i dei siste 25 aari. men det ser ut som den vil taka seg upp att no, daa det er skipa spelemannslag baade i Øystre og Vestre Slidre. Det er dragspelet som har take plassen. Det ser ut som ungdomen i den siste tid ikkje vil eller kan halde paa den gamle musikken og dansen. Ungdomen vil ikkje nyttje spelemannslagi paa sine stemnor og fester og det tykjer eg er ille. Hittil er det mest bondelagi som gjer ære paa spelemannslagi ved aa bruke dei paa sine samkomor.
3. Felorne vart mest laga i bygdene. Mange spelemenner gjorde sine felor sjølve. I Ulnes, Valdres var det for ei tid sidan ein gild felemakar som heite Nils Belgum. Han laga mange namspurde felor som diverre tok vegen over til Amerika. Det har vore prøvt paa aa faa att nokon av dei, men det har ikkje lukkast. Per M. Moe fraa V. Slidre - bror til Olav Moe - var flink felemakar. Han lever endaa. Olav Granheim, Ulnes har laga ei av felone til Olav Moe som er svært god. I Ø. Slidre har me *K. Ø. Rudi* som har laga mykje felor og desutan lagar strenger. Rudi er vel umlag 65 aar.
4. Dei eldre felone hadde ikkje so mange sittera - understrenger. Ofte berre 2.
5. Loket var av gran. Botnen av bjørk eller svartor som skulde vera best. Bøyjone var av bjørk.
6. Har ikkje serleg greie paa det. - korleis dei vart laga.
7. Strengene var dei vanlege. Men smaaguten brukte nok aa snu seg taggelstrenger i felor som dei laga seg sjelv - ofte i løynsmaate, daa foreldrene ofte var imot at borni skulde bli spelemenner. Det var mange som held det for synd og djevelens verk.
- b. Spelemennene vikla ofte sine strenger og laga til andre ogso. Dei spønno dei over med heimelaga "vindo".
8. Fela har vorte større, men flatar og meir utstafert med innlagt perlemor og kvite beinstykkjo paa tungo

- brettene- og rundt kantane paa botn og lok.- Før var ikkje felone lista. Daa var det mykje plunder, for dei gjekk so fort upp i limingen. Listingi har hjelpt mykje paa dette. Felone har vorte meir utrosa med turs.
9. Fela held dei lenger ned paa bringa før enn no. Det er stor skilnad paa det.- Bøgin var mykje stuttare. Det var som dansemusikk fela har vore mest nytta - ofte spela tvo paa sama laatten. Det var helst sereigne laattar til det som kallast "Tvibeitlaatta". "Lyarlaatta" vart brukt til aa lye paa. Og det var "Brumarse" som dei let naar dei rei til ^{og brå} kyrkja i brudlaupo.
10. Nei, ikkje serlege variantar har eg høyrte um.
11. Hovudet paa fela var ofte utskore som eit kvendehovud. I tungone - brettene- var det tildels innlagt rutor av kvitt bein eller metal. Øverst paa tunga - brettet- der fingrane skulde prille var det helst fóra paa ei metalplaate som nysylv so at ikkje fingrane skulde slite hol so fort. Men etter lang tids bruk gjekk det hol i metalplata ogso, so den maatte bytast med ei ny. Per Moe brukte aa leggje paa tungone - brettene- ei tunn plate av Bukkehorn. Og so felte han perlemor og bein ned i hornet.
12. Mange av dei eldre felone hadde eit lite hol i nakka. Der var det sett inn eit byggkorn, for at ikkje andre spelemenner kunne trølle av strengene. Dette var ofte tilfelle naar fleire spelemenner var til stades t.d. i brudlauper. Dette holet var tetta med braae harpiks - harrpeis- so dei sa i Valdres.- Det var ei vanleg meining at korn eller alt av mjøl eller grøn var medel mot trolldom. - Um dette med byggkornet var vanleg veit eg ikkje. Men den gamle Trondefela til Engebret Beitonhaugen, Beito, Ø. Slidre har i allfall

eit byggkorn i nakka. Engebret sjølv fortalde: "Eg viste ikkje kva som var innanfor denne harpiksen, men so vilde eg ein gong sjaa etter og bora ut til eg kom eit stykke innover. Der laag det eit byggkorn. Eg putta det innatt og bredde atti harpiks". Denne fela er svert gamal og er ei ekta Trondefele. Det er so fint maal i den fela og han har sjølv brukt henne fleire gonger i radio. Det er vel ikkje mange so gamle felor som er i so god stand at dei kan brukast i radio.

13. Den spelemann som me fyrst høyre gjete fraa Valdres og som me med sikkerheit veit namnet paa heite Hølji Gølikson Høverstad, fraa Vang. Han var født 1759 og var ein storspelemann som det gaar gjetord um den dag idag. Likeso gaar det mange sogur um han. I dei tider maatte folk -serleg fraa nordre Valdres - kjøpe mykje sild og fisk fraa Lerdalsøyra i Sogn. Paa desse marknadsturane hadde Hølji med seg fela. Han fekk so mykje spelepengar paa desse turane at han kjøpte med seg eit lass med sild og fisk. Og det vart eit ordtøkje -ordtak- i bygdi! " At han Hølji spela so godt med tre fing so dei andre gjera med allo." - Hølji hadde berre tre fing aa prille med, men han hadde ^{noke} vist lert aa bruke dei han hadde. - Hølji Høverstad var min tippoldefar.

Lenge etter kom den kjende spelemannen Jørn Hilme fraa Ulnes. Han er vel den som har skapt dei beste laattar i Valdres. Knut Ringestad fraa Lomen levde umlag paa sama tid. Han var og ein trollmann som kunne spela til seg eit fullt dramneglas fraa den andre sida av bordet. Sonen hans - Jørn som var oppvoksen paa Røn var og ein dugande spelemann og ein godkar. Han døyde for umlag 30 aar sidan. Brøtaguten fraa V. Slidre var namngjeten spelemann. Likeso Hansegarden. Gamle

Haugseten var ein gild spelemann. I Lomen var det ein bra spelemann paa Teikstolen, og Ivar Ringestad som enno lever. - Ola N. Neste fraa V. Slidre var ein dugande spelemann i sine yngre aar, og han kunne ha vorte ein meister paa fela, men diverre la han upp. Han er nokso naere i slekt med Olav Moe. I Røn hadde me Ola Fystro som døyde for eit par aar sidan. Ola i Reieshagen fraa Slidre vart ein kjend spelemann i Amerika. *Olav Moe maa kjelsagt itelje gjengraat.*

I Ø. Slidre var Jijer i Sagahauge ein god spelemann. Ola Okshovd og K. Ø. Rudi var gode spelemänner som enno lever. Men den mest namngjetne spelemann fraa Ø. Slidre er Nils Beitoaugen fraa Beito. Det fine, reine og trolske spelet gaar det mange sogur um. Han døyde for ~~XXXX~~ 20 aar sidan. Det blir no reist ein bauta til minne um denne meisterspelemann. Steinen er 3 m. høg og 1 m. brei. Den faar denne paaskrifti:

M i n n e u m
M e i s t e r s p e l e m a n n e n
N i l s B e i t o h a u g e n .

1863 --- 1927

Staut var guten smaalaaten stil
men ein trollmann til spela
so eggande vill so mjuk og mild
let tonen fraa fela
Han stod og lydde ein sumarkveld
myrkret seig stilt yver dal og fjell
stemte so sine strengje
strauk upp med so ven ein huldralaat
at folk stod fjetra i laat og graat
spelet hans minst so lengje.

Sonen Engebret Beitoaugen som no er vel 50 aar har vel alt av det tradisjonsrike og sermerkte spelet.

N. B. hadde mykje av spelet sitt fraa Krøsshagen, ein

kjend epelemann fraa Vang.

V. Langleik var mykje i bruk i mi bygd so seint som for 40-50 aar sidan. Det var mest gjentone som spelte paa langleik. Det vart mest brukt til aa lye paa - og kanskje mest til "husførnøen" -husbruk. Mest i kvar gard var det langleik og dei fleste gjentone kunne spela meir og mindre. Den vart laga i bygden. Langleik var lettare aa laga enn felone. Til aa spela paa strengene vart brukt ei tilspikka flis av horn som heiter "Sprett". For aa faa den rette stemning i leiken som skulde til for sereigne laattar so maatte ein anan halde paa eine strengen med fingeren.

Kari Braute fraa Øyebygden i Røn -skreiv Kari Rudi- var ein meister til aa spela paa leiken for umlag 50 aar sidan. Ho reiste til Amerika og held mykje konserter der.- Ragnhild Melby, Ø.Slidre, født Kirkevoll hadde lert mykje av Kari Braute og tog fleire l.premier paa kappleiker. Ragnhild lever enno.

Ein mann fraa Halden i Aurdal var flink til aa spela. Ola Brenno fraa Bagn i Valdres er vel best kjend i vaar tid baade fraa Radio og elles i den siste tid. Han lever enno og er burti 80 aara.-Best kjend av hans laatter er Langeberglaatten. Den har ei liknande seign som Kivlemøyane fraa Telemark.

Kari Rudi-Fossum bur i Aker, men er fraa Ø.Slidre. Ho er systor til spelemannen K.Ø.Rudi og er vel kanhende den flinkaste no for tidi til aa spela langleik.

IX. Lur. Vart kalla gjetarlu eller mest berre "lu"-Kan namnet "lur" vera heilt norsk? I Valdres heiter det t.d. at det lua bra - eller det lua slik - det lyddes slik.

a. Kjenner ingen lu av berre never.

b. Luen vart laga - hola - av to deler, helst vart ein

6
66^c
ei passeleg grov granstaur saga fraa kvarandre i tvo deler, hola ut og sidan satt saman og vikla over med passeleg tjukk never. Utanpa neveren var det ofte smetta inn paa ringar av ukse og kyrhorn for aa gjera luen sterkare. Dei kunne ogsø vera vikla med teiger av vidje.- Disse tegene var tynne, tilspikka, lange strimlar av vier eller selje.

c. Har ikkje sett lu med prillarhorn eller munnstykkje.

Dei har bestandig vore rette.

X. Prillarhorn vart mest kalla stut ^{eller stutarhorn} og dei sa at dei "stuta" naar dei bles paa prillarhorn.

E stuta ein stut

e venta ein gut

han kjeme norate

heiter det i fyrste linone i ein gamal lokk eller folkeviser fra V. Slidre.

Blaas-aapningen var som paa luen og prillarhorn var til aa faa fram dei ymse tonar med.

Stut og lu vart i si tid mykje brukt til aa haludyri burte fraa buskapan. Og det var gjetargutane som hadde med seg desse instrumenti naar dei gjette. Og daa var det godt høve til aa øve seg i kunsten. Stut og lu vart ogsø brukt naar dei skulde varsle kvarandre um eit eller anna som t.d. fraa det eine stølssete til heimstølen det andre eller fraa ~~XXXX~~ og heim i bygde eller umvendt naar det var fare paa ferde. Dei bles og svara kvarandre paaden maaten.- Bruken av stut og lu var burtlagt før mine dagar.

XI. Fløyte var det ein og annan som bles paa for 40-50 aar sidan. Endaa finst det vist att nokon som kan blaase lite. Fløyteløte var nauende fint naar dei kunna av desse vakraste baadnsullane. Budeione hadde med fløyte paa stølen og bles aat kyro naar dei ~~XXXX~~ vart lokka aat hanna um morgon. Og likesø naar dei vart lokka heim

um kvelden. Ei som heite Sissel Ferden brukte dette mykje mens ho var paa Øyestølen for umlag 70 aar sidan. Marit Kirkevoll - syster til Jørn Røn felespelaren, som før er untala var og flink til aa blaase paa fløyte. Ho døyde for umlag 15 aar sidan.

Fløyta skulde helst vera laga av brisk og svidde inni med ein gløande jarntein for at veden kunne bli hard og gjeva betre tone - laate reinare og kvellare. Men daa det ikkje var so godt til rettvaksen brisk i Valdres so vart dei oftast laga av bjerk. Dei vart mest laga i eit stykkje, men det skulde til nokso lang "flavar" -bor- til aa bora ut med. Difor vart ho ofte laga i tvo eller tre deler som dei sette saman naar ho skulde brukast. Fløyta til Marit Kirkevoll var i tre deler. Dei vart helst duppa i vatn for ein tok til aa blaase paa dei. Det var mest kvendene som bles paa fløyta- Det lange holet innanpaa fløyta maatte vera lite konisk, likesom fløyta i seg sjølv var lite grannar bakover- Grovast i den enden ein bles fraa.

XIV Munnhørpe. Vart mest kalla berre "hørpe" er eit einfelt instrument, men var bra til sitt bruk og har hatt stort verd for den einskilde som musikkinstrument. "Hørpekjinnnet" - den ytre bogen- var av jarn eller massing. Tunga var ei staalfjør som det var ei liti kunst aa laga passe tjukk og høla passe slik at hørpa vart god. Tunga var lett aa slaa av, serleg for dei som ikkje hadde lite øving so det maatte ofte gjerast nye tungo. -Munnhørpa vart mest brukt til aa lye paa av husets folk, men kunne ogsa brukast til aa danse etter i smaa rum. Det var sereigne laatta som passa til munnhørpa.- Ljodbrigde paa munnhørpa maa ein faa fram med ymse lespaspel, med tunga og med pusten - luften blir sugd inn eller blaast ut. Alle desse ovringane

virka paa den tunne og kjenslefine tunga. Takt og rytme bestemmer ein med aa slaa fort eller sakte med peikefingern paa kroken av tunga. Hørpekinnet maa ein Halde paa plass millom tennene med vinstre peike og langfinger. - Munnhørpa var lett aa taka med seg i lumma naar ein skulde paa stølen. Var ein aaleine paa stølen eller paa fjellet vaar eller haust var munnhørpa ein god kamerat i dei einsame kveldsstunder, - ved peisvarmen. Haugafolket eller dei underjordiske likte svert godt hørpelate og naar det tok til aa skyma so kom dei fram og tok til aa danse. Og mange er d dei segur om guten som sat ~~og xxxxxx~~ paa peiskrakken eller laag i sengen aa spelte paa munnhørpa og huldregjentone kom og dansa. Daa maatte han vera snøgg til aa kaste munnhørpa over den vakraste gjenta. Naar han hadde kasta staa over henne so vart ho synleg heile tidi sidan. Og han fekk henne, Det fylgde alltid slik lykke med slike huldragjentar.

Til munnhørpa høyrer eit lite skrin "hørpenus" som var laga slik at det paa ein lett vint og einfeld maate kunne laase att huset so det ikkje reiste upp. Ein som ikkje har sett ei slik liti mekanisme før - ser ikkje med ein gong korleis hørpenuset skal takast upp.

Hurre. Med eg var smaagut vart det laga noko dei kalla "hurre". Det var bestefar som laga dei. Ei hurre kunne ha ymse storleik. Men til vanleg var det ei spildre paa umlag 30 cm. lang, 3 cm. brei og umlag 2 m/m tjukk, men tynnspikka mot kantane. I enden eit hol med band i paa umlag 60 cm. Naar ein svinga den rundt med god fart vart ein nokso sterk dur. Ved aa laga ymse storleika t.d. tunnare og tjukkare kunne ein faa ymse lydar i desse hurrone. Likeso kunne ein brigde ljoden ved aa slengi dei fortare eller saktare. Ei "hurre" var og mykje brukt ~~XX~~ som eit skjeldsord um ei kvinne som flyg og braaka.

Dette skulde tyde på at namnet er gammelt.